

Fra: "Sjur Sponheim" <sjursponheim@yahoo.no>
Sendt: søndag 12. mai 2024 11.19.12
Til: "uttalelse@nve.no" <uttalelse@nve.no>
Kopi: "Annlaug Vik" <annlaug.vik@gmail.com>; "Per Sponheim" <perulvik@yahoo.no>; "sjursponheim@yahoo.no" <sjursponheim@yahoo.no>
Emne: Høyringsfråsegn 201102292

Sameige for eigedom 69/20 Ulvik, Espelandsvegen 43, 5730 Ulvik
v/ Sjur Sponheim, Lijordveien 19, 1359 Eiksmarka.

1. Ad. profilbora røyrgate. Vi er svært positive til planendringen. Som tidligare uttalt har vi vore redde for auka rasfare ved opphøveleg søknad, noko som nå vert borte.

2. Ad. sanering (pkt. 2.5). - om å fjerne vassveg og eksisterende dam.

Vi har to røyrrer gjennom vår eigedom. Den eine røyrret er av trykkimpregnert tre. P.g.a. lekkasje vart denne røyr gravt opp i 30 m lengde og reparert i 2019. Den andre røyr er av jern, har ikkje vore i bruk på mange år. For ca. 10 år sidan vart ca 8-10 m av denne tatt ut og åpningane i denne sikra med etterkvart råtne pallerestar. Dette har vi vore lite nøgde med, men med tanke om raskare utbygging har vi slått oss til ro med dette.

Planendringssøknaden er lite konkret om saneringen. Det er ingen tidsperspektiv på dette området. Men med fjerning av gamal kraftstasjon veit ein i alle fall når produksjonen og bruk av røyrene sluttar. Vi ynskjer derfor at det i konsesjonsvilkåra settes krav om ein konkret plan for saneringa og med tidsfristar for når saneringa skal vera starta opp og når den skal vera ferdig. For oss gjeld det dei to røyrene på vår eigedom, men sjølvstags også røyrgate / tunnellinislag og ikkje minst betongdemningen på naboeigedomane.

Vi er kjent med at eigedomsretten til det gamle og det nye anlegget kun er delvis sammenfallande. Derfor er det ekstra viktig at bygging og sanering vert kobla tett saman i konsesjonsvilkåra.

Konklusjon:

Vi er positive til planlagt profilboring og dermed bortfall av auka fare for ras på vår eigedom.

Konsesjonsvilkåra bør ha konkrete avsnitt om plan og ansvar for saneringa og med konkrete tidsfristar for når saneringa skal vera starta opp og når den skal vera ferdig.

Med helsing

Sjur Sponheim